

MINNEFANGAR

*"Livet er en maskin for å skape og hente fram minner",
Umberto Eco*

Ein stilk i vasen	A
Og eit blomsterblad ligg att	f#7 – E
På bordet	h7
Står ein halvtom kopp	f#7 – E
Av gjennomsiktig porselen	A – f#7 – E
Og handa løfter koppen opp	h7 – f#7 – E
Kjenner slik eit	D
Lite trykk mot huda	E – A – D
Slik kjenner du du lever	c#7 – f#7
Livet kjem til liv	c#7 – f#7
Og seier	f#7
Med ein liten latter	E
Kanskje var alt betre før	A – f#7
Men før var før	h7
Og no er no	E
Og no	h7
Er vi snart berre minne	E - A
For når kroppen	A
Ikkje lenger legg att spor	f#7 – E
Og sinnet	h7
Lever for seg sjølv	f#7 – E
Når auget søker etter ro	A – f#7 – E
Og handa søker etter hud	h7 – f#7 – E
Tenkjer vi at	D
Kanskje alt var skuggar	E – A – D
Då rører vi kvarandre	c#7 – f#7
Rører ved oss sjølv	c#7 – f#7
Og seier	f#7
Med ein liten latter	E
Kanskje var alt betre før	A – f#7
Men før var før	h7
Og no er no	E
Og no	h7
Er vi snart berre minne.	E - A
	f#7 – h7 – E –

Står i døra	A
Trykkjer klinka stille ned	f#7 – E
Foten prøver	h7
eit forsiktig steg	f#7 – E
Når vi finn ord for lukt og smak	A – f#7 – E
Når lys og lyd finn vegen inn	h7 – f#7 – E
Kjenner vi eit	D
Lite trykk mot huda	E – A – D
Slik kjenner vi vi lever	c#7 – f#7
Livet kjem til liv	c#7 – f#7
Vi seier	f#7
Utan spor av latter	E
Kva var det som var betre før	A – f#7
For no er no	h7
Og før var før	E
Og vi skal ut	h7
og fange minne	E - A
	f#7 – h7 – E
Kva var det som var betre før	A – f#7
For no er no	h7
Og før var før	E
Og no skal vi	h7
Ut og fange minne	E – A